



Aktivitetshuset - blir det erklært ferdig måndag? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei siste dugnadsarbeida på Aktivitetshuset blir utført i dag og i morgon og i helga blir det rydding og vask. Måndag er det synfaring og vonleg blir ferdigattesten då klarert slik at kravet om fullføring innan 1. desember blir innfridd.

Garderobar og trimrom har vore i fokus både for dugnadsfolk og fagarbeidarar i haust og styret har teke opp eit lån på 300.000 - med kommunal garanti - for å rekkja fristen.

Pengane har i stor grad gått med til fagarbeid innan elektro, røyrlegging og våtrom.

Idrettslaget si leing har organisert ein omfattande dugnadsinnsats og også 'våre nye landsmenn' litauarane har teke eit tak.

Grenda har vist til rådmannen sin formulering om at Uskedalen neppe vil makta å betala ned lånet og spurde styremedlem Vidar Haugland om kommunen har rett i dette.

Han svarar:

- Nei, den sakshandsamaren som har skrive det får sjølv stå for sine ord. Vi meiner imidlertid at avtalen om månadlege avdrag er til å leva med og reknar med å greia betalinga etter planen.

Haugland trur ikkje at Uskedalen hadde fått sitt eige aktivitetshus, som også vert nytta som gymsal av skulen, utan ordninga med forskottering av spelemidlar.

- Den måten vi gjorde det på og som dei også praktiserte på Hatlestrand, er avhengig av samspel mellom kommune, tippemidlar og dugnad. Utan denne ordninga trur eg verken vi eller Hatlestrand hadde fått sine bygg på plass, seier Haugland.

Av Ola Matti Mathisen